



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Bygdeutviklingsutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/1316

### SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å DEKKJE UNDERSKOT PÅ DALEDAGANE 2022

#### Vedlagte saksdokument:

Søknad om stønad i samband med at årets Daledagar gjekk med underskot Regnsk22

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til foreininga «Daledagane mat og kulturfest», for å dekkje underskot i samband med gjennomføring av Daledagane i 2022.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling, og sluttrekneskap for Daledagane 2022.

Tilskotet utgjer 71 % av dokumentert underskot på kr. 70 000,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

#### Saksframstilling:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i bygdeutviklingsmidlar til fordeling etter søknad i 2023. Det er utarbeidd egne retningsliner for tildeling, som vert gjort av utvalet, etter innstilling frå Kommunedirektøren.

«Daledagane mat og kulturfest» søker om kr. 70 000,- i tilskot for å dekkje underskot ved kulturaktivitetar i samband med «Daledagane 2022». Underskotet er vist i rekneskapsoversyn.

Tilskipinga er eit årleg mat- og kulturarrangement på Dale, med «Gatå» som samlingsstad og midtpunkt. Lokale bedrifter og organisasjonar står bak arrangementet, med deltaking frå kommunen.

Med bakgrunn i gjeldande retningsliner og tidlegare praksis, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Daledagane. Tilskotet vert gjeve som underskotsdekning for arrangementet i 2022. Tildelinga dekkjer 71 % av rapportert underskot på kr. 70 000,-.

## Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i bygdeutviklingsmidlar til fordeling i 2023. Utvalet fordeler midlane på bakgrunn av innkomne søknadar, etter innstilling frå Kommunedirektøren. «Marsomgangen» er den første av to tildelingsrundar.

I søknad av 08.11.22 søker styret for «Daledagane mat og kulturfestival» om økonomisk tilskot til å dekkje underskot i samband med gjennomførte aktivitetar ved arrangementet i 2022. Vedlagt sluttrekneskap for tilskipinga viser i dette høvet eit underskot på kr. 70 095,-.

I følgje søknaden og § 2 i vedtektene til Daledagane, skal arrangementet vere eit årleg kultur- og næringslivsarrangement, med vekt på lokalt engasjement og «Gatå» som midtpunkt.

Arrangementet er eit samarbeid mellom lokalt næringsliv, friviljuge organisasjonar og Vaksdal kommune, organisert gjennom eit styre. Det går fram av søknaden at Daledagane ikkje har eit kommersielt føremål for tilskiparane. Styret og arrangementsnemnda sitt arbeid er friviljug innsats, utan betaling av løn eller honorar.

Styret for Daledagane forklarar underskotet i 2022 med investeringar i telt og scene, saman med bortfall av sponing av aktivitetar for born og inntekter frå lotteri, som gjekk uavkorta til Dale Røde Kors.

Når det gjeld arrangementet sitt innhald, trekk søker spesielt fram den ekstra satsinga på aktivitetar for dei minste borna i 2022. Av andre aktivitetar vert det nemnd forskjellige underhaldningstilbod, som musikkinnslag frå ulike artistar.

For å vidareføre satsinga på unge, har arrangørane for komande arrangement, planar om å kome ungdomen i møte, gjennom ulike tilbod som kan vere attraktive for denne aldersgruppa.

For nærare informasjon om arrangementet og økonomien i 2022, vert det vist til vedlagt søknad med rekneskap.

## Formelt grunnlag/rammer:

- «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.  
<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

## Vurdering og konsekvensar:

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane brukast til ålmennyttige føremål. Midlane skal kome mange til gode, og stimulere til aktivitet i bygdene, med levande bygdeliv.

Daledagane femner breitt, med varierte tilbod, stor oppslutnad og aktivitet i «Gatå». Tiltaket har stor, lokal verdi. Med bakgrunn i formålsparagrafen, innfrir soleis søknaden om tilskot, intensjonen med bygdeutviklingsmidlane. Daledagane som organisasjon, oppfyller også kravet til registrering i Brønnøysundregistrene, og søknaden har tilstrekkeleg med opplysingar for sakshandsaming etter krava i gjeldande retningsliner.

Daledagane er eit etablert og fleirårig arrangement, med god organisering og eit driftsapparat i botn, med deltaking frå bedrifter og kommune. I dette høve er det grunn til å vente god økonomistyring og grunnlag for langsiktig drift, med eigenkapital og evne til å takle dårlege år, økonomisk.

Sjølv om retningslinene for bygdeutviklingsmidlane seier at det kan gjevast tilskot til «tunge periodar», meiner Kommunedirektøren at ein i utgangspunktet ikkje bør bruke midlar til å finansiere etablerte festivalar og arrangement, om ikkje særskilte grunnar ligg føre, som til dømes vesentlege investeringar som utviklar arrangementet. Av ein avgrensa pott med midlar, kan slike tildelingar gå ut over moglege tilskot til tiltak og initiativ i regi av friviljuge/ideelle organisasjonar, eller til nyetableringar som er meir innanfor føremålet med midlane. Kommunedirektøren meiner difor at ei slik vurdering må takast med i vurderinga. Her bør eventuelle tilskot til festivalar og liknande, først og fremst finansierast gjennom ordinære budsjett, og ikkje frå bygdeutviklingsmidlane.

Ved tildeling av bygdeutviklingsmidlar er det naturleg å ta utgangspunkt i tidlegare praksis. Søknadar som har sterke likskapstrekk, bør i dette høvet handsamast så likt som mogleg, med krav til god grunngjeving om det vert gjort skilnad.

I 2022 løyvde Bygdeutviklingsutvalet kr. 75 000,- i tilskot til musikkfestivalen Elvebrus, som vart arrangert for første gong. Løyvinga var i denne samanheng starthjelp til eit nytt - og vonleg - varig arrangement. Argumentasjonen for tildelinga skil seg difor frå moglege løyvingar til etablerte arrangement, og kan ikkje samanliknast direkte etter Kommunedirektøren si vurdering.

I 2022 vart det også gjeve midlar til fiskefestivalen på Stamnes, med kr. 40 000,- i tilskot. Tilskotet vart løyvd for å dekkje underskot for kulturdelen av arrangementet. Grunngjevinga var at felles helg med Elvebrus gav redusert deltaking og inntening.

Sjølv om det er nokre skilnadar mellom fiskefestivalen og Daledagane, handlar begge søknadane om å dekkje eit underskot ved lokale festivalarrangement. Likskapen er difor sterkt, noko som talar for lik handsaming, med tildeling av tilskot til Daledagane som eit eingongstilskot. Det vil vere opp til Bygdeutviklingsutvalet å gjere ei anna vurdering.

Som nemnd meiner Kommunedirektøren at det i utgangspunktet ikkje bør løyvast bygdeutviklingsmidlar til drift av etablerte festivalar, om ikkje særskilte grunnar ligg føre. Likevel bør tidlegare praksis liggje til grunn, inntil eventuelle endringar av retningslinene. Av omsyn til komande søknadsomgangar, kan det difor vere nyttig med ei presisering av om etablerte arrangement/ festivalar skal kunne få tilskot, eller om framtidige løyvingar berre skal knytast til nyskapingar. Slike endringar må gjerast av Bygdeutviklingsutvalet.

*Med bakgrunn i gjeldande retningsliner og tidlegare praksis, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til «Daledagane mat og kulturfest». Tilskotet vert gjeve som underskotsdekning for arrangementet i 2022. Tildelinga dekkjer 71 % av rapportert underskot på kr. 70 000,-.*